

Nærings- og fiskeridepartementet  
Postboks 8090 Dep  
0032 OSLO

---

**Dato** 10.06.2023  
**Vår referanse** 2023/58006-5  
**Dykkar referanse**  
**Sakshandsamar** Endre Korsøen  
**E-post** Endre.Korsoen@vlfk.no  
**Telefon** 91764632

## Vestland fylkeskommune sin uttale til høyring av endring av forskrift om produksjonsområde for akvakultur av matfisk i sjø av laks og aure

Vi viser til Dykkar brev av 13.04.2023, høyringsbrev – forslag til endring av forskrift om produksjonsområde for akvakultur av matfisk i sjø av laks og aure (produksjonsområdeforskrifta).

Saka vart handsama av Hovudutval for næring 30.05.2023 og Fylkesutvalet i Vestland 06.06.2023, og det vart fatta følgjande vedtak:

1. Vestland fylkeskommune meiner det er behov for eit forutsigbart regelverk for unntak, med enklare krav, samstundes som både oppdrettsfisken og villfisken skal ivaretakast på ein best mogeleg måte.
2. Reglane for unntakstvekst som vert skildra i høyringsnotatet opplevast som kompliserte. Vestland fylkeskommune er uroa for at reglane for unntaksvekst framleis er unødig kompliserte, både for forvaltning og næring.
3. Vestland fylkeskommune stør forslaget om endringar i regelverket for unntaksvekst i produksjonsområdeforskrifta, men ber om at avgrensinga av ikkje-medikamentell behandling vert knytt til kvar produksjonssyklus og ikkje til heile vurderingsperioden for fargelegginga i trafikklyssystemet. Dette er viktig for å stimulere til kortast mogeleg eksponeringstid i sjø (bruk av storsmolt). Redusert behandlingsfrekvens er viktig da høg behandlingsfrekvens kan medføre auka dødelegheit og velferdsmessige problem for fisken.
4. Vestland fylkeskommune meiner at det er behov for ei betre ordning i unntaksregelverket som gjev ytterlegare incentiv til innovasjon og teknologiutvikling.

Kopi av saksframstillinga og utskrift av den politiske handsaminga ligg ved.

Med helsing

**Endre Høgalmen**  
seksjonssjef  
NPI - Naturressursar, landbruk og reiseliv

**Endre Korsøen**  
seniorrådgjevar  
NPI - Naturressursar, landbruk og reiseliv

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*